

Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 14. desember

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Møterom 4 Førde sjukehus – auditoriet

Møteleiar: Eiliv Berdal

Referent: Randi Solheim

Deltakarar		Fråvær
Namn	Organisasjon	
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Eysteinn Udberg	Rusettervernet	
Liv Krognæs	FFO (LPP)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Arne Hovland	FFO	
Øystein Rynningen	FFO	x
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Stein Erik Øvrebø	SAFO	
Frida Galaasen	SAFO(NFU/NHF)	x
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt råd	
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	
Elin Therese Sørbotten	KS/Førde kommune	x
Børge Tvedt	Helse Førde	
Nr	Referat	
33/22	Leiar registrerte oppmøte - innkalling og sakliste godkjend.	
34/22	Godkjenning av referat frå førre møte – inkludert fellesmøtet med styret. Møteforma med styret har forbedringspotensiale – det vert opplevd at styret er lite aktive i diskusjonen? Veit vi korleis styret oppfattar desse fellesmøta?	
35/22	Klinikkdirektør Børge Tvedt presenterte aktuelt nytt frå Helse Førde. Sjå eigen PP-presentasjon. Litt diskusjon og erfaringsutveksling undervegs...	
36/22	Aktuelt nytt frå kommunane utgjekk pga sjukefråvær	
37/22	Evaluering av verksemda i perioden – utkastet var send medlemmane på førehand, og leiar føretok gjennomgang av dokumentet til felles refleksjon og tilbakemelding/ korreksjon frå medlemmane. Leiar og sekretær korrigerer endeleg dokument, og presenterer det for nytt FBU til orientering.	
38/22	Utkast til årsmelding 2022 – leiar presenterte utkastet og føretok gjennomgang. Årsmelding vert godkjend med leiar og sekretær sine korrigeringar for økonomistatus og oversiktsliste for deltaking i prosjekt, råd og utval.	
39/22	Open Post – brukarane sin time <ul style="list-style-type: none"> ✓ Påminning om innsending av reiserekningar ✓ Val av deltaking i prosjekt, råd og utval <ol style="list-style-type: none"> 1. Workshop 3.januar – Jan Tore Odd 2. ROMLE – utsett til neste møte – tilsettrepresentant ikkje FBU? 3. Programkomiteèn for erfaringskonferanse – utsett til nytt FBU. 	

AD Arve Varden var spesielt invitert til siste del av møtet og leiar Eiliv refererte kort til nyleg gjennomgått evalueringsprosess. AD kvitterte med raus tilbakemelding til FBU sitt arbeid, og minte elles om at Tvedt har AD sine fullmakter i rolla som medlem av FBU.

I sitt innlegg til AD minte Liv Krognnes om at «den som ikke blir skremd av drømmene sine, har for små drømmer....» Ho snakka varmt om brukarmedverknad, verdighet og respekt i si direkte tilbakemelding til Varden. AD takka for velmeinte ord frå brukarrepresentanten, og gav også honnør for eit ærleg og reflekterande samarbeid i perioden. Etter fleire korte tilbakemeldingar der leiar Eiliv også m.a. fekk ros for sitt arbeid, oppsummerte AD si deltaking med å takke Eiliv for solid innsats for arbeidet i FBU med ei synleg blomsterhelsing. Til sist formulerte leiaren sine avskjedsord til utvalet og takka for støtta gjennom perioden.